

RINGOLM - oksen som sleit seg frå båsen sin på Dyrsku`n.

Folk var begynt å gå heim frå Dyrsku`plassen.

Men inne i fjøset var det fullt av dyr. Dei skulle stå over natta. Eigarane fora og mjølka. Den store mjølkebilan kom og rygga langt inn i fjøset og stansa like bak oksen Ringolm. Det lika han dårleg. Han bura og grov med framfötene i båsen sin så sinna var han. Då **mjølkebilan** tuta så rykte han i bandet så det knaka i fjøset. Han hadde nok lyst til å rydde fjøset for meieribilar. Det skjøna sjåføren i meieribilan så han rygga lengre bak.

Då mjølkebilan var ferdig, og reiste, så gjekk alle eigarane heim for å legge seg. **Berre Gaute og far var igjen og skulle passe på dyra heile natta.** Dei skulle sjå til at ingen av oksane sleit seg. Det blei stille i fjøset. Far og Gaute var slitne og trøytte etter ein lang dag. **Dei klatra høgt opp på nokre høypallar** som låg stabla opp, slik at ikkje oksane kunne nå dei dersom dei kom seg laus i løpet av natta. **Far sovna straks og snorka** så det dura.

Men rett som det var synest Gaute han hørde noko. Kva var det? Men så blei det stilt igjen. Han tok med seg **lommelykta** og klatra ned for å undersøke. Hm. Tenk om Ringolm var laus...Då skulle han ta han i naseringen og leia han på plass igjen! Gaute sprang oppover fjøsgangen, men det var langt. **Og han hadde lyst på mange båser med dyr i før han kom til båsen til Ringolm. Og den var tom!** Å nei! Det var det han hadde høyr. Nokon hadde vore å stjelt Ringolm medan far og Gaute hadde slappa av på høypallane!

Han la på sprang tilbake til far. Far, far, ropa han og ruska far i armen. Du må vakne. Nokon har stole Ringolm! Men far bare lo. Ha, ha, eg skulle sett han som våga å stjele Ringolm. Legg deg nå og sov litt. Du har sikkert bare drømt. Men Gaute gav seg ikkje og far måtte bli med.

Far hoppa ned frå høypallane og Gaute kom etter. Nå synest Gaute det var litt skummelt. Også far da som ikkje trudde på han. Dei gjekk i veg oppover mot båsen då dei **plutselig hørde noko som kom imot dei i mørket. Nokon som trødde tungt i bakken og som bura i nasen. Stopp! sa far ut i mørket.** Han tenkte at det var nokon som ville skremme dei. Dei tunge stega nærma seg fort. Stopp! ropte far igjen. **Bø-ø-ø, svara det inne i mørket, og der såg far den store skallen til Ringolm i lyset frå lommelykta.**

Ringolm er laus. Kom Gaute! Skreik far. Dei sprang mot høypallane med Ringolm i hælane. Dei klatra til topps, idet Ringolm tok dei att. Oksen stanga i høypallane og kasta **noko høy** utover i fjøset. Puh! Sa far. Det er det verste eg har vore med på. **Åssen skal vi klare å binda Ringolm på båsen sin att?** Han satt med lommelykta si og lyste ned på ryggen til oksen.

Men Ringolm byrja å ete av høyet og blei rolegare og rolegare. Etterkvart blei han god og mett og brydde seg lite med far og Gaute. Då klatra far forsiktig ned att og henta **staven og tauget** dei hadde leid Ringolm med inn på båsen. Han tok med litt deilig **grønt gras** som Ringolm tok mens han snakka fint og forsiktig til oksen. **Og utan at oksen merka det fekk far tak i naseringen og leide oksen tilbake til båsen sin. Gaute gjekk foran og lyste med lykta.**

Nå skal du få stå her din lurifaks sa far. Og bandt oksen godt fast. Så gjekk dei og såg til alle dei andre dyra som hadde lagt seg ned for natta. Gaute var og veldig trøtt og fekk gå heim til senga si og sove mens far måtte passe fjøset til det blei morgon.

